



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 22.05.2019  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 09.00 - 14.15

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv, AP.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 15.05.2019 og møtet var kunngjort i pressa 08.05.2019.

Prosjektleiar i Statens Vegvesen Håvard Dyrkolbotn orienterte om status på prosjekta i Nordhordlandspakken.

Næringsrådsgjevar John Fredrik Wallace og Øystein Skofteland frå Norconsult orienterte om planprogrammet og silingsrapport i Sambandet Vest.

Medlem i Havnerådet Asbjørn Larsen orienterte om arbeidet i Havnerådet

Formannskapet hadde pause frå kl. 10.30 - 10.35 og frå kl. 12.00 - 12.20.

Det vart halde gruppemøte frå kl. 13.55 - 14.10.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Sigmund Larsen	FrP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Varamedlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Per Kristian Holmetun	SP

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Martin W. Kulild fram til kl. 12.00 og sektorsjef Anny Bastesen.

Protokollførar: Randi Hilland

23. mai 2019

Øyvind H. Oddekalv  
ordførar

Randi Hilland  
konsulent

---

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
33/2019	Godkjenning av innkalling og sakliste
34/2019	Godkjenning av møteprotokoll
35/2019	Referatsaker
36/2019	Aktuelle saker
37/2019	Orientering av rådmannen
38/2019	Orientering om status Alver kommune
39/2019	Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune
40/2019	Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua (Klauvaneset)

### **33/2019: Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

Det er sendt ut ei tilleggssak.

Marit Jøssang sa at dokument som var refererte ikkje var tilgjengeleg på heimesida til kommunen, berre i møteportalen.

Administrasjonen vil undersøkje dette.

#### **FS - 33/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Innkalling og sakliste med tilleggssak vert godkjent.

---

### **34/2019: Godkjenning av møteprotokoll**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møteprotokoll vert godkjent.

#### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

#### **FS - 34/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Møteprotokoll frå møte 24.04.2019 vert godkjent.

---

### **35/2019: Referatsaker**

#### **Rådmannen sitt framlegg:**

Meldingane vert tekne til orientering.

#### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

Ordførar refererte skriv nr. 1 og 3.

#### **FS - 35/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Meldingane vert tekne til orientering.

---

## **36/2019: Aktuelle saker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

Det vart orientert om følgjande:

Ordførar:

- Generalforsamling i Meland utbyggingsselskap  
Styremedlemmene på val.  
Starte prosess mot mogeleg samanslåing med Lindås tomteselskap.  
På generalforsamlinga - forlenge perioden for styremedlemmene fram til 01.01.2020.
- Meland kommune bør gje ein uttale i sak - Vindkraft på land, med høyringsfrist 1. oktober  
Setje det på saklista til junimøtet.  
Ordførar skal ta del i eit innspelsmøte.

Anne Grete Eide:

- Prosessen om kjøp av tilleggsareal i Leirdalen  
Rådmannen sa at det ikkje er kome inn formell søknad.  
Har fått 1 mill. kr.
- Kva kriterier forespør ein når ein tildeler anbod på breiband  
Rådmann orienterte.

Sølvi Knudsen:

- Rekkefølge på utbygging av breiband  
Administrasjonen svarte at det er kome inn ein klage som må behandlast  
Er ikkje skrive kontakt enno  
Får tett opp mot 100 % dekning no

Sigmund Larsen:

- Gravearbeid på vegen ved Dalevatnet, vegen er stengt  
Administrasjonen opplyste at dette er fylkesveg, og at kommunen ikkje styrer dette.  
Det vart og peika på at Statens Vegvesen bør informere kommunen når veg vert stengt.  
Ordførar sa at han har sendt skriv til Statens Vegvesen om vegen ut mot Landsvik utan å ha fått svar. Vil ta direkte kontakt med Statens Vegvesen.

Silje Sæterstøl:

- Kva har skjedd etter at ungdomsrådet var i formannskapet og orienterte?  
Ordførar svarar at det skal vere eit møte 29. mai der leiar for ULK, rådmann og ordførar + 4 frå administrasjonen tek del.  
Det vil og vere dialogmøte med ungdomsrådet.

### **FS - 36/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande.

---

## **37/2019: Orientering av rådmannen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande

### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

Det vart orientert om følgjande:

Rådmann:

- IKT Nordhordland - Utlysing av stilling som økonomisjef
- Offisiell opning av driftsstasjonen i Mjåtveitparken 29.05.19 kl. 11.30
- Administrativt møte med Fylkeskommunen og Statens Vegvesen om eventuell rekkefølgekrav og utbyggingsavtalar på vegen opp mot Sagstad skule
- Som einaste kommune i Hordaland har Meland kommune etter søknad fått 15 000 Euro frå EU til offentleg WiFi-sone

### **FS - 37/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Orienteringane vert tekne til vitande

---

## **38/2019: Orientering om status Alver kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Orienteringane vert tekne til vitande

### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

Nils Marton Aadland, H:

- Uroa over at ein via andre får informasjon om at prinsipiell organisering på ein del tenester i Alver konkret bryt tvert med det som har vore ideologisk i Meland (m.a. menneske med nedsett funksjonsevne)  
Meiner vi har delegert for mykje makt frå oss.  
Ønskjer på neste møte i Fellesnemnda å ha ei drøfting.  
Må gå gjennom kva tenester og tilbod vi skal gje innbyggjarane i Alver.

### **Framlegg til vedtak i møte:**

Ordførar saman med varaordførar vil på vegne av formannskapet sende uttale til programansvarleg at dei vil ta det opp som sak.

Prinsipielle saker skal leggjast fram for Fellesnemnda.

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

### **FS - 38/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Ordførar saman med varaordførar vil på vegne av formannskapet sende uttale til programansvarleg at dei vil ta det opp som sak.

Prinsipielle saker skal leggjast fram for Fellesnemnda.

---

## **39/2019: Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Saka vert lagt fram til drøfting og uttale.

### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

#### **Framlegg til vedtak i møte:**

Formannskapet tek saka til orientering.

#### **Avrøysting:**

**Dette framlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - 39/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Formannskapet tek saka til orientering.

---

## **40/2019: Uttale til framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua (Klauvaneset)**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

### **15.05.2019 KOMMUNESTYRET**

#### **Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:**

Meland kommunestyre oppmodar Statens vegvesen om å stanse arbeida med å etablere nye bomstasjonar på Flatøy inntil byrådet i Bergen sitt framlegg om å etablere bomstasjon ved Nordhordlandsbrua er avklåra.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompenggeinnkrevjinga i Bergensområdet under eitt.

#### **Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:**

Kommunestyret i Meland reagerer på framgangsmåten til Bergen kommune i samband med å flytta bomstasjon til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til dei som bur i Nordhordland. Vi vil gå i dialog med dei andre Alver-kommunane for å drøfta korleis vi skal ta opp saka med Bergen og fylkeskommunen.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og i Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompengerekkjeringa i Bergensområdet under eitt.

#### **Framlegg til vedtak i møte:**

Formannskapet får fullmakt til å gje ein uttale i saka. Framlegg til vedtak vert oversendt formannskapet.

#### **Avrøysting:**

**Oversendingsframlegget vart samrøystes vedteke.**

#### **KS - 27/2019 SAMRØYSTES VEDTAK:**

Formannskapet får fullmakt til å gje ein uttale i saka. Framlegg til vedtak vert oversendt formannskapet.

### **22.05.2019 FORMANNSKAPET**

#### **Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland, H:**

UTTALE FRÅ MELAND FORMANNSKAP TIL BYRÅDET I BERGEN  
SITT FRAMLEGG OM Å FLYTTE BOMSTASJONAR I ÅSANE TIL NORDHORDLANDSBRUA

1 Meland formannskap vil på det sterkaste oppmode Hordaland fylkesting til å avvise byrådet i Bergen sitt framlegg om å flytte bompengerekkjeringa i Åsane til Nordhordlandsbrua (E39 Klauvaneset).

Framlegget inneber i praksis å sende heile «bompengerekninga» til trafikantar frå Nordhordland.

2 Dersom fylkestinget ikkje avviser byrådet i Bergen sitt framlegg om å endre bompengerekkjeringa i Åsane må arbeidet med å etablere bomstasjonar i Nordhordland stoppast snarast.

3 Byrådet sitt framlegg viser trongen for å samordne bompengerekkjeringa i heile Bergensområdet under eitt. Meland formannskap vil be om at arbeidet med slik samordning startar snarast råd.

4 Det er eit absolutt krav at E39 Vågsbotn-Klauvaneset blir prioritert framfor ei eventuell bygging av bybane til Åsane.

5 Meland formannskap presiserer at Hordaland fylkesting må vurdere fullgode, men mindre kostnadskrevjande alternativ til bybane i Åsane. Det blir anna synt til etableringa av Metrobuss Trondheim.

#### **Framlegg til vedtak frå AP, SP, KrF:**

UTTALE FRÅ MELAND FORMANNSKAP TIL BYRÅDET I BERGEN SITT FRAMLEGG OM Å FLYTTE  
BOMSTASJONAR I ÅSANE TIL NORDHORDLANDSBRUA

Formannskapet i Meland reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta bomstasjonen til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompengerekkjeringa i Bergensområdet under eitt. Det er eit ufråvikeleg krav at E39 Nordhordlandstunnelen blir prioritert og får hurtigast mogleg oppstart.

Det vil bli jobba vidare med saka i samråd med dei andre Alver-kommunane og regionrådet i Nordhordland.

**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak frå Nils Marton Aadland fekk 1 røyst for, (H), 6 røyster mot, (AP, SP, KrF, FrP, V), og fall.**

**Framlegg til vedtak frå AP, SP, og KrF fekk 5 røyster for, (2AP, SP, KrF, V), 2 røyster mot (FrP, H), og er såleis vedteke.**

**FS - 40/2019 VEDTAK (MOT 2 RØYSTER):**

Formannskapet i Meland reagerer kraftig på framgangsmåten i samband med å flytta bomstasjonen til Klauvaneset. Det er ikkje rett å flytta belastninga frå Åsane til kun dei som bur i Nordhordland.

Dersom byrådet sitt framlegg blir vedtatt i Bergen bystyre og Hordaland fylkesting må det etablerast ordningar der ein vurderer bompengerekkjeringa i Bergensområdet under eitt. Det er eit ufråvikeleg krav at E39 Nordhordlandstunnelen blir prioritert og får hurtigast mogleg oppstart.

Det vil bli jobba vidare med saka i samråd med dei andre Alver-kommunane og regionrådet i Nordhordland.

---